



FAGFORBUNDET

Til Utval Eigarskapsstruktur.

Innspel til høyringa rapport, Eigarskapsstruktur Nye Øygarden Kommune.

[Vi viser til e-post frå Jarle Kåre Oen 27.04 2018, angåande høyring om forslag til eigarskapsstruktur.](#)

Fagforbundet Sund, Fjell og Øygarden vil nytta høve å gje innspel til høyringa.

Vi takkar for at utvalet alt før ferdig rapport opna opp for innspel frå tillitslade i forhold til 11 strekpunkt, innan 1. mars. Vi fekk informasjon at tilsette ikkje hadde fått medverka i prosessen eller fått informasjon før møtet 15. 02.18. men skulle bli ivaretatt i vidare prosess. Vi håper tilsette i kvart selskap har fått informasjon og fått delt sine synspunkt med leiinga i selskapa.

Vi forventar at hensikta med gjennomgåing og strukturendringar av noverande selskap, var å skape kontroll på tenester selskapa i Nye Øygarden kommunen skal drive og utvikle i framtida.

Dersom ein tenkjer at samanslåing av selskap skal gi økonomisk gevinst ved å effektivisere administrasjon og tilsette i tenesteproduksjonen, er det viktig at tilsette medverkar på alle nivå. Og at Lov og avtaleverket vert nytta gjennom prosess og drøftingar.

Det er viktig at ein no tenkjer heilskapleg rundt drift av kommunen og eventuelle selskap. Og vurdere om det er mest hensiktsmessig og driva tenesta sjølv.

Å ha tenestene i eigenregi kan føre til mindre administrasjon som gjer at tenesta kan utførast meir hensiktsmessig. Kommunen kan byggje opp kompetanse i eigne rekker og bli meir føreseieleg. Kommunen har sjølv mulighet gjennom klare mål, mynde og mandat (delegasjonsreglement) å sette nivå på tenesta. I tillegg ha mulighet til å ta ansvar for utvikling av tenesta i forhold til behovet og gjennom betre innsikt kunne påverknad sjølve drifta.

Effektiv: Dersom utvalet legg opp til for små eininger kan dette bli meir kostbart. Når det er snakk om å ha færrest mulig eininger, er det viktig at einingane ikkje blir for spreidd i arbeids- og ansvarsområder. Det må være en naturlig samanheng av de forskjellige tenestene som er innafor ei eining. Dersom kommunen reelt skal kunne påverke tenesta i forhold til økonomi, tenestekvalitet og nivå, samt funksjonalitet i framtida, kan ein no leggja til rette for at kommunen får denne kontrollen.

Intensjonsavtala har mål om at tenesta helst skal bli betre enn den er i dag. Vi meiner at føreseielege teneste med høg kvalitet, kan ein best sikre, når kommunen kan påverke, kontrollere og sjå samanhengen mellom økonomi og tenesta kontinuerleg. Fleire erfaringar viser at det å drive i eigenregi (som en del av kommunens drift) gir meir fleksibilitet og større kontroll på økonomien. Stadig fleire eksemplar viser at å drive sjølv, er det mest lønsame, som vil gi en bærekraftig økonomi.

Funksjonelle og framtidsretta teneste heng saman med rett kompetanse. Ved å kartleggje kompetansen som ligg i selskapa i dag, kan ein betre ivareta tilsette og behovet til Nye Øygarden kommune.

Vi trur at best mulig demokratisk styring over tenestene i nye Øygarden kommune skjer når kommunestyret og administrasjonen saman med tilsette har mulighet å kontrollere pengebruken. Og sjå på mulighetene ein har innafor alt lov og avtaleverk som påverkar drifta.

Helsing på vegne av

Fag forbundet Øygarden, ved hovudtillitsvald Solveig Rong (v/HTV)

Fag forbundet Fjell, v/Htv Bodil Aleksandersen

Fag forbundet Sund, v/ Htv Hildegunn Høyland